



Det er no kunngjort at Festidalen held fram til neste år.

**I ei pressemelding frå styret i Festidalen er det gjort vedtak på at det vert festival til neste år. Dette vert gjort med bakgrunn i ein vellukka og vel gjennomført festival i 2019. Neste år går arrangementet av stabelen 26. og 27. juni. Les meir kva styret skriv:**

Jordet bada i sol og god stemning under årets arrangement. Artistar som Highsakite, Kvelertak, Gåte, ISÁK og Janove sytte for dei forventa høgdepunkta. Mens dei mindre kjende artistane som Kriminell Kunst, Miss Tati, Moyka, Iris og Real Ones fekk det til å kribla i nysgjerrigheita til kvinnheringane. Og Hit for hit stod for årets latterkuler. Etter eit fantastisk 2019, jobbar gjengen i Festidalen for eit enda betre 2020.

Eventyret Festidalen starta alt 2003. Reisa har vore lang og kronglete, men alltid med ei djup framtidsoptimisme. Ønsket om å gi kvinnheringane ein nydeleg møteplass med både etablert, uetablert og moderne musikk er drivkrafta. Lukta av grill og gras. Synet av fjorden og fjella. Lyden av feit musikk. Og smaken av samhald og sommar, det er det som er Festidalen. Dønhaug er eit kvinnhershersk paradys.

At Magne og familien opnar grinda for folk og fe år etter år, er ei gåve til oss alle!

Tekst: Presseskriv  
Nett/foto: Kristian Bringedal